

# Prosesshefte

Hilde Nessa og Anette Helstad

Forord







## INNHALD:

Forord	2-3
Viktige punkt i prosessen og prosjektet	6-7
Veke 1	8-9
Veke 2	10-19
Veke 3	20-25
Veke 4	26-29
Veke 5 (Ålesundekskursjon)	30-39
Veke 6	40-47
Veke 7-8	48-61
Veke 9	62-67
Veke 10 (Midtsemester)	68-69
Veke 11	70-75
Veke 13	76-79
Veke 14	80-85
Veke 15	86-89
Veke 16	90-91
Veke 17-19	92-93
Refleksjonar	94-95

Viktige punkt i prosessen og prosjektet

---

## Veke 5: Ålesundstur


Viktig møte der vi varte tvungne til å oppsummere fekk oppsummert analysearbeidet. Her er dei fira punkta vi presenterte som utfordringar:

- 1 Ei øy utan tilgang til havet
- 2 Framkomstmuligheiter
- 3 Tverrforbindelser
- 4 Barnefamiljar flytter ut av byen

## Veke 11: Oppsummering og vegen vidare

Denne veka var ekstra viktig fordi vi fekk oppsummert kva vi ville med prosjektet og laget ein plan over korleis vi ønska å jobbe vidare mot innlevering. Heftene vi har laga har våre ein god arbeidsverktøy for å strukturere oss vidare og for å få oversikt.

## Ferdig prosjekt



## Veke 1 og oppstart

Vi starta første mandag etter jul og jobba jamt med oppgåva frå den dagen

## Veke 10: Midtsemester

Fram til midtsemester jobba vi hardt for å ha eit godt, gjennomtenkt forslag til tomtegrep og bygrep. Vi jobbet vidare med punktene kring forbindelsar, transportutfordringar, befolkningsbehov, og identitet.

## Fram mot innlevering

Vi har jobba jamt fram mot innlevering, og jobba oss gjennom lag for lag med beslutningar. Gjennom denne tidlege produksjonsfasen fann vi nye oppdagelsar som bidro til viderutvikling av prosjektet

**Veke 1:**  
04.-10.01.16




Landskapsmodell del 1 av 3

04.-10.01.2016

Vi starta veka med å lage laserfiler til landskapsmodellen. Utsnittet hadde vi allerede bestemt oss for før jul, så det var enkelt å komme i gong. Mykje ekstra arbeid gjekk til å justere høgdekotene rundt alle husa, samt lage laserfiler til husa. Det slo oss kor tett bebyggelsen er på Aspøya, og ved å finne alle høgdene på husa fann me ut at dei fleste var 4-5 etasjer i murbebyggelse, og 3-4 etasjer i trehusbebyggelsen. I murbebyggelsen var husa høgast midt i kvartala, og avtok litt i høgden i kryssa. Dette er observasjonar vi vil ta med oss vidare i utviklinga av området.

**Veke 2:**  
11.01.16-15.01.16



Ålesund: mellom Trondheim og Bergen




Ålesund: avstandar til viktige byer/bygder og attraksjonar

11.01.16-13.01.16

Vi starta no på heftet "ei kompakt byhistorie". Dette er eit analysehefte som blir til etterkvart som vi finn ut kva vi treng. Vi starta likevel med nokre generelle analyser, til dømes korleis Ålesund, dermed også Skutvika, ligg til i forhold større byar, attraksjonar og tettstadar. Vi gjorde også ein del andre kartleggingar: vi registrerte barnetråkka i kart, gangavstandar, gånettet, oversikt over viktige offentlege bygg, matbutikkar, tunellar (framtidig plan) og laga ein forenkla versjon av reguleringsplanen for området. Vi har etablert fem kartutsnitt avhengig av utsnittet vi ønsker å analysere:


Vi jobba også vidare med å sette opp husa i 1:1000-modellen - dette kjem til å ta tid - det er over 500 hus på utsnittet vårt...

- XL - Ålesund, Trondheim, Bergen
- L - Ålesund, Måløy, Molde, Geiranger
- M - Ålesund, Moa, Sula, Hessa, Ellingsøya
- S - Ålesund sentrum, Aspøya, delar av Skarbøvika (modellutsnittet)
- XS - Skutvika og randsonene










Test av kvartalstruktur: tett mot veggen og lett mot kystlinja



Test av mange små typologiar, men lengre lamellar langs Nedre strandgate som støyskjerm

14.01.2016


I timane før første vegleiing med Markus kørte vi også ein kjapp workshop på 1:1000 modellen for å teste korleis den fungerte og få utløp for idéar og tankar rundt organisering av tomte og moglegheitene for tomteendring.

Etterkvart fann vi ut at vi likte tanken på eit hierarki nedover mot sjøen. Tyngre, meir kompakte bygg mot Nedre strandgate med mykje biltrafikk og opninga for den framtidige Brosundtunellen. Eit

opare kvartalstrukturbelte i midten, for så ein meir oppstykkja, lett typologi ned mot vatnet, dersom det i det heile teke burde vere noko der? Vi sleit litt med å finne ut korleis Kjøpmannsgata eventuelt skal knyte seg på Nordre strandgate i aust, men snakka om at dette også kunne følge hierarkiet, med Nedre strandgate som bilveg, Kjøpmannsgata som gate og resten av sørleg areal som park.

Sidan tomte er ei utfyllingstomt gjorde vi også ein del testar med ulike endringar av tomte, der vi tok vekk og/eller la til fyllmasser. Dette gjorde tomte litt meir "uhandterbar" - iallefall utan eit satt program enda. På den andre sida var det fint å merke seg at dette gjorde tomte meir fleksibel når vi først får satt eit førsteutkast på program.






Kanalby og tredimensjonal typologitest



Kvartal + lamellstruktur



Kanalby-tankegang: kvartal mot Nordre strandgate og lamellar i retning ut mot havet

Ein annan merknad vi gjorde oss var at vi nesten automatisk jobba oss bort mot vestsida, forbi tomte bortover Kjøpmannsgata. Mange av diskusjonane foregjeikk også om tverrforbindelsar på øya. I ettertid merka vi oss også at vi ikkje hadde teke høgde for bevaring av dei eksisterande konstruksjonane på tomte (Rema 1000 og lagringshallen til containerhavnaktiviteten).



## Vegleing 1

14.01.16

Til første vegleing, med vår vegleiar Markus Schwai, hadde vi førebudd to punkt vi ønska å snakke meir om og få innspel på: analysearbeidet og tomteworkshopen.

Til analysearbeidet fekk vi eit veldig godt tips: skil/sorter analysene! Generelle analyser for seg og tomtespesifikke analyser for seg. Etter vi hadde gjort generiske analyser kunne vi godt sette i gong med programmeringsarbeidet for å ha noko å gå utifrå - vi måtte ikkje

vere redde for å bestemme oss for eit program. Dette ville gje gode retningslinjer for vidare analysearbeid.


Vi hadde ein diskusjon rundt kva som er god programmering, og i følge Markus var iallefall desse punkta viktige:

- tettleik som gir god økonomi
- realistisk bruk ved hjelp av brukergruppeundersøkingar og scenarioanalyse
- bærekraftig logistikk, ved hjelp av brukerscenario
- tilby noko som ikkje finnast ellers i byen (finne ut manglar i arealdelplan)



M 1:10 000

Registrering av kommuna sitt arbeid "Barneårkk"



14.01.16-15.01.16

Vidare jobba vi med å sortere analysene våre inn i generelle analyser og tomtespesifikke analyser. Dei generelle analysene, samt nokon av dei spesifikke skal inn i "ei kompakt byhistorie"-heftet.

Som ei oppsummering av veka diskuterte vi litt det vi hadde gjort over ein pizza. Vi kom fram til at vi hadde gjort mange kartleggingar, men hadde ikkje analysert kartleggingande inngåande nok enda.

Vi byrja også å leike oss med program/konsept vi kunne tenkje oss å utforske:

- Fruktbare Ålesund (fordi regionen mangler kvinner i "fruktbar alder")
- Eldrebølgen (fordi det er og blir mange eldre, som også er ressurser)
- Fritidsparken (fordi det er minimalt med fritidsaktivitetar på Aspøya)
- Vanntema (fordi det er ein kystby)
- Sykkellandsbyen (fordi det ikkje finnast sykkelstiar i Ålesund)
- Miljøvenleg bydel (eit forbildeprosjekt for vidare utbygging/fortetting i Ålesund)

**Veke 3:**  
18.-22.01.2016



## Seminardag: Verktøy i områdeplanlegging

18.-19.01.2016

Veka starta mjukt med opptak frå NAL-seminaret vi kjøpte "verktøy i områdeplanlegging", saman med andre som synes det virka interessant. Foreleserar presenterte ulike områdeplanleggingscases t.d. frå Fredrikstad, Furuset, Kolbotn, Åkle og Stavanger, samt eit utval inspirasjons- og informasjonsforelesningar, til dømes "sjukehjem og barnehager skaper liv i byen" (Karin Høyland, N), "fra bilbasert til grønn mobilitet" (Jan Usterud Hanssen, tøy) og "Bli kjent med et nytt sted på nytt - og tenk fremover!" (Øystein Bull-Hansen, NAL). I løpet av seminardagen noterte og diskuterte fortløpande etter kvart klipp.

Dagen derpå hadde vi også ein oppsummerande prat der vi fann tema i seminaret som vi synes var relevant for oss og som vi vil jobbe med vidare med: institusjonskrysning, visjon/konsept, knutepunkt i nærområde og bygge seg på ei heilheit (byen) og det å tilby noko meir til Ålesundarane.

Det vi byrja å spørje oss sjølv om er: tilbyr Ålesund nok urbane kvalitetar (er attraktiv nok) som får folk til å droppe eneboligdrømmen? Korleis kan Skutvika fortettast og tilby eit mangfald/noko attraktivt i byen?



Fruktbare kvinner og urbane familier: mange turstiar, leikeplassar, område med ulike kvalitetar, café o.l.



"Eldrebolga": lett tilgjengelege og leselege område, fellesarena, pauseområde o.l.

Programworkshop  
19.01.2016

### Temaforslag

- Eldrebølgen
- Business + student + gründer
- Pilotprosjekt m/miljøprofil
- Bylag (eks. Svartlamoen)
- Kanal/vannfokus/havpromenade
- Fritidsvika/aktivitetsbelte
- Energi
- Ro og latskap
- "Farge"
- Fruktbar og unge barnefamilier
- Olga 85år på skateboard
- Ungdomsbeltet
- Hirsehagen plante & mat



Pilotprosjekt/bylad: prega av div. gründerrelatert langs havnepromenade og i tverrforbindelsar



Fritidskjærna Skutvika: prega av mykje tursti og større offentlege areal langs desse

No var det på tide å gjere eit første reelt forsøk på programmering av Skutvika. Vi hengte opp tracingpapir over eit 1:1000-kart av Aspøya og hadde idémyldring rundt ulike tema på øya. Dei tema vi valgte ut i første omgang er utheva i lista til venstre. Vi fann fleire fellesnemnerar og tankekors ved dei ulike idemyldringane.

Forbindelsar/tverrforbindelsar: Aspøya har i dag flotte tverrforbindelsane i form av visuelle siktlinjer, men på grunn av hindringar, både i form av tungt trafikkert veg og kraftig terrengfall, delast sørsida av øya i to: (1) kystlinja med utilgjengeleg industri og bilveg og (2) boligområdet med bussforbindelse og tilgang til Storhaugen. Apropos naturforbindelsar er det bemerkelsesverdige at det går ann å ha så lite tilgang til attraktive vannområder (kai, strand, fjøre) når ein bur på ei øy (!). Mesteparten av kystlinja rundt Aspøya er prega av industri og er ikkje tilrettelagt

for offentlig bruk, dersom den ikkje er innegjerda. Unntaka er på Kvenneset mot vest (ikkje bearbeida eller tilrettelagt), Brosundet i aust (plass med benkar) og noko av Molovegen i nord-aust (naust-miljø).

Offentlege tilbod: Under idémyldringa teikna vi ein del pauseplassar (benkar, park, leikeplass) og offentlege tilbod (toalett, garderober). Dette for å gjere områda tilrettelagte for alle, enten det er snakk om eldre, yngre eller handikappa. Aktiv bruk av naturen vart beskrivande for det vi ønska oss, eksempelvis fiskeplass, badeplass, turstiar, sjøpromenade osv.

Program: Vi diskuterte fordelene med å blande ulike folkegrupper og institusjonstypar i bydelen. Korleis stiumlere til ei balansert demografisk samansetning?




## Vegleing 2

20.01.16


Stikkorda vi har skrive ned for denne vegleinga med Markus var at vi no måtte ta steget heilt ut for val av tema/fokus å jobbe med i området. Vi burde jobbe vidare med å finne "følelsen", enten gjennom skissing, diskusjon eller å leite etter bilete. Og kan vi gjere denne staden spesiell for Ålesunderar, ikkje berre for turistar?

Det vart også diskutert korleis vi skulle "fordele" denne nye bydelen, slik den ikkje blir Solsiden 2.0 (rikmannsstrøk), der det byggast leiligheiter for barnefamiljar, men dei ikkje har råd til å kjøpe leiligheitene.





Gatestudie



Promenadeskisse - aktiviteter langs

**Veke 4:**  
25.-29.01.2016



Tverrforbindelse



"Space left over" - inspirert av "pocket parks" i New York

25.-26.01.16

Stikkorda vi skreiv ned frå vegleiing 2 satt vi på dagsorden denne veka. Vi brukte heile mandagen på å lage eit felles moodboard\* for Skutvika og Aspøya.

*\*Moodboard: finne bilete, lage skisser, skrive tekstar, informasjon etc. om staden. Dei ulike bitane fortel ikkje nødvendigvis kva du tenkjer, men hengt opp saman gir dei eit inntrykk av det meir komplekse biletet.*

## Oppsummering til Ålesundspresentasjon

29.01.16

Den neste veka skulle vi møte fleire viktige aktørar i Skutvika og Ålesund, deriblandt kommuna, Havnevesenet, Jugendstilsenteret og Harald Grytten (lokalforteljar). I tillegg til dette skulle vi halde ein presentasjon på MAF sitt debattmøte om byutvikling, som vi sjøve hadde spurt om dei ville arrangere. Timeplanen for ekskursjonen vår ligg som vedlegg 1. I den anledning måtte vi prøve å oppsummere kva vi hadde analysert og jobba oss fram til, slik vi hadde noko å presentere.

Vi fann etterkvart ut at mesteparten av alt vi hadde diskutert i prosjektet vårt kunne delast inn i fire kategoriar, som vi presenterte under bydebattmøtet til MAF 3.februar.

1 Ei øy utan tilgang til havet: Av ulike grunnar, mesteparten gode, har kystlinja på Aspøya gått med til industriell verksemd, import og eksport av varer. Denne industrielle verksemda består for det meste av massive, høge bygg som skil seg ut i skala og ligg heilt nede i vannkanten (for å kunne losse av og på varer mest praktisk). Dette gjer at sjøkanten kun er tilgjengeleg i brotstykker. I tillegg har det dei siste åra blitt sikkerhetskrev, blant anna på containerhavna, som krev at området er innegjerda, noko som gjer sjøkanten heilt utilgjengeleg for folk. Vi ser på det som ei stor svakheit at byen med den flotte beliggenheita ikkje gir innbyggjarane sine tilgang på denne byattraksjonen.



**2 Framkomstmuligheter** Det første vi merka då vi kom til tomta var at bilen var sjefen, både når det kjem til framkommelighet og parkering. Det er mykje gateparkering på Aspøya generelt - bilen er det første du ser når du går ut av huset ditt om morgonen og det siste du ser før du går inn inngangsdøra etter ein lang dag. Ålesund er kåra til Norges værste sykkelby av Syklistens Landsforening (SLF) - det sei vel sitt. Mykje av argumentasjonen vi har høyrte er at det ikkje er plass til sykkeltraséar i dei trange gatene. Likevel er det plass til gateparkering på ei eller to sider av vegen - det er med andre ord ei prioriteringssak.

**3 Tverrforbindelser** Det er mange fine tverrforbindelser på Aspøya ned sjøen, men flesteparten av dei er kun å regne som visuelle forbindelsar. På grunn av bratt terreng er det få gode tverrforbindelsar

ned til sørsida av øya. Dei fleste tverrforbindelsane nord for Skutvika består av trange trappeløp som er vanskelege å finne. Ellers er det greie, men bratte gateløp, som ender i tomme asfalterte plassar nede ved sjøen.

**4 Barnefamiljar flytter ut av byen** På Aspøya blir det færre barn mellom 0-5år, noko som tilseier at barnefamiljar flytter ut av byen. Dette er ein trend vi ønsker å snu. For å få barnefamiljar tilbake i byen må det satsast på to grunnleggande tilretteleggande faktorar: (1) å tilby nok/riktig typologi og (2) å tilby nok urbane kvalitetar til at folk ønsker å bu i by framfor å flytte inn i enebolig med eigen hage og garasje utanfor byen. Spesielt har vi sett på det som ein viktig urban kvalitet for Ålesund, å kunne tilby sentrumsnære uteareal, til dømes turstiar og leikeplassar, for både store og små.

**Veke 5:**  
01.-05.02.2016

Mandag  
01.02.2016

Første dagen i Ålesund gjekk med til førebuing til møtet med Ålesund kommune, møte med Ålesund kommune, oppsummering av møtet og litteratursøk på Ålesund bibliotek.

*Møtedeltakerar: Gudmund Hoel (overarkitekt i planavdelinga), Tom Rian (planleggar i planavdelinga), Terje Eidsvig (arkitekt i planavdelinga), Oskar Skultstad (kultursjef), Liv Kjersti Finholt (plankoordinator i planavdelinga).*

Oppsummering av møtet:

Det var veldig fint å få

presentert tankegangen vår for første gong framfor andre, og at dei spurte spørsmål til det som var uklart. Koblinga vår Nedre Strandgate vidare inn i Kjøpmannsgata var blant anna ei kobling dei ikkje hadde tenkt over før. Å arbeide vidare med tverrforbindelser over skrenta/sørover var også noko dei sleit med å prioritere utan ein områdeplan. Dei kom med innspel til kva tverrforbindelsar som var viktigst, blant anna Aspegata og Gange Rolfs gate. Vi fekk også innspel om korleis trehustypologien blir brukt: nokon er fortsatt heile hus, men dei fleste er delt inn i mindre leiligheiter. Dei støtta vår tanke om sjø-/havnepromenade, men synes også det var litt dumt at havneaktiviteten i Ålesund forsvinn frå Skutvika, då nettopp havneaktiviteten er noko identitetsforsterkande for kystbyen Ålesund.

Til sist fekk vi tips om å ha bein i nasa.



Ny utbygging; Skansekaia



Registrering av gatemiljø i Moljavegen



Skilt i Moljavegen

Tysdag  
02.02.2016

Den andre dagen i Ålesund var satt av til befarung av Aspøya, tverrforbindelsar og dei delane av tomta som ikkje var innelåste. Vidare hadde vi ein avtale med byforteljar Harald Grytten og ei oppsummering av dette møtet i etterkant.

*Møtedeltakerar: Harald Grytten*

Oppsummering av møtet: Grytten, fødd og oppvaksen i Ålesund,

kjent foredragshaldar, byvandrar m/trekrakk, filolog, forfattar, byhistorikar og ridder av 1.klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs orden. Sjølv beskriv han seg som byforteljar, då han ikkje påtek seg å kunne alt - han fortel historier han kjenner til. Det vart ein lang samtale med Grytten, så eit meir utfyllande intervju har vi skrive i den "kompakte byhistoria" vår.

Oppsummering av møtet med Grytten: Vi har det mykje betre no enn før, sjølv om vi gjekk og sykla var det i mangel på anna transportmiddel (då han vaks opp). Han bekrefter at Kvennaneset og Steinvågen er "gettoen" i byen (over viadukten ved Skarabrua (også kalla Brooklynbrua) - sjølv kunne han aldri tenkje seg å bu der - det er innprenta frå gammalt av. Bydelane var viktige før, men bydelane i Ålesund fordelte seg heller på gater. Og alle tilhørte eit bål. Viss ikkje var du bålaus eller bålforvirra. *Då vi har nevnt dette i seinare intervju*



Sti aust for Storhaugen



Selfie med Harald Grytten (Brosundet i bakgrunnen)

*med "innfødde" Ålesunderar har dei nekta å tru at nokon kunne ha vore bålause eller -forvirra.*

Når det kjem til Ålesund i framtida er han ganske fornøgd med nyutbygginga av Skansekaia - dei nya har laga ein god skjerm mot nordavinden, slik det er mogeleg å opphalde seg der ute no. *Å lage gode mikroklima er med andre ord ein fin kvalitet.* Når det kjem til den sentrale sørsideplanen, vunne av JAJA Architects i Danmark, er han skeptisk og meiner dei bør ta det forsiktig, steg for steg for å få det til.

Favorittbygga hans i byen er kyrkja, Latinskolen og Rønnebergbua. Dei styggaste bygga er i hans auge: rådhuset, tinghuset (politistasjonen) og pastisjane (etterligningane) av jugendstil i Kongensgate. Hans tips til oss er å unngå kopiering, og "lag for all del ikke sånn sjøbumiljø", ba

han instendig med ei grimase om munnen.

Sjølv liker han å fordrive tid i byen. Han går innom rådhuset og biblioteket, kjøper nye strømpes på Dale, slår av ein prat med folk og et på ein café. "Byen skal være nokke eget", meiner han.

Det var ein hyggeleg samtale. Som oppsummering finn vi ut at Grytten er meir endringsvillig enn det vi hadde tenkt oss. Han liker at byen utvikler seg og at dagens arkitektur gjer seg gjeldande og synleg i byen. Hadde ikkje Ålesunderar, arkitektane og dei andre som bygga byen i 1904 vore åpne for endringar i bybildet etter brannen hadde ein heller ikkje fått jugendstilmiljøet Ålesund verdset så høgt i dag. Altså må vi også tørre. Å vise kven vi er i dag, kva arkitektur vi har i dag.





Panoramautsikt av Skutvika frå toppen av Tinghuset (politihuset)

Onsdag  
03.02.2016

Den tredje dagen kom til å bli eit maraton. Først hadde vi møte med politiet for å ta panoramabilete frå taket av politihuset og ned på Skutvika og omegn. Rett etter skulle vi møte ein journalist frå Sunnmørsposten, regionsavisa, for å intervjuast om masteroppgåva vår (1). Så hadde vi eit møte med Havnevesenet (2), eigarane som vil "pynte brura" selge containerområdet i Skutvika til ein eigedomsutviklar. Til sist hadde vi teke initiativ til ein byutviklingsdebatt i Møre og Romsdal arkitektforening (MAF). I den anledning skulle vi ville halde eit innlegg om våre foreløbige tankar rundt utviklinga i Skutvika, men også byutviklinga i Ålesund (3).  
(1) *Journalist: journalist og Aspøy-gutt Lars Inge Skrede*

Oppsummering av intervjuet: Vi vart spurte ein heil rekke faktaspørsmål om Aspøya under bildetakinga som vi ikkje kunne svare på - dette var noko vi fann ut at vi måtte lære oss. Vi snakka oss også gjennom punkta til MAF-presentasjonen (dei fire "strategiane" vi hadde oppsummert i Trondheim). Det han etterkvart kommenterte var at vi var alt for diplomatiske i språket og hadde veldig runde meiningar. Det var vanskeleg å få overskrifter ut av oss. Dette var også noko vi tok til oss og prøvde å ha klarare tale under MAF-foredraget, men tenkjer også at vi må passe på å vere tydelege vidare framover også.

(2) *Møtedeltakarar: Ole Christian Fiskaa (ny havnesjef) og Birger Flem (tidlegare havnesjef)*



Møte med Havnevesenet

Oppsummering av møtet: Havnevesenet hadde allerede engasjert eit lokalt arkitektkontor for å lage ei mogelegheitsstudie av areala i Skutvika. Deira mål er å selge arealet dei eig (innanfor gjerdet) innan fem år for å kunne vidareutvikle næringsarealet, dette har dei signert ein 5-åring intensjonsavtale om med kundane sine. Dei vil derfor komme med framlegg om områderegulering av området, slik at eigedomsutviklar sjølv kan legge til rette for detaljregulering.

*(2) Møtedeltakarar: MAFs medlemmer og styre, Alexandria Algard, Trine Klemetsen (Bypatrioten), Eva Vinje Aurdal (ordfører) og Tore Johan Øvstebø (varaordfører), andre partiledere i Ålesund kommune, representantar fra planavdelinga i Ålesund kommune og Havnevesenet. Totalt ca 50stk.*



MAF-møtet: Alexandria Algard og Magne Bergseth

Oppsummering av møtet: Det vi fekk mest ut av dette møtet var definitivt Alexandria Algard sitt foredrag "Eg elsker byer". Ho hadde laga seg 10 punkt om kvifor arkitektur og kva som er viktig med arkitektur:

- 1 Arkitektur er for menneske
- 2 Sanselighet, estetikk, materialitet
- 3 Elskbart - elsket av folket og brukere = lang levetid
- 4 Fleksibilitet og modifiserbart, dermed også transformasjonsvennlig
- 5 Identitetsskapende
- 6 ...det må vere rasjonelt
- 7 Løyse ein eller fleire ting på ein gong - finne synergieffekter
- 8 Gje noko tilbake til staden (arkitektur eksisterer aldri i eit vakum)
- 9 Arkitektur + arkitektur = by
- 10 Arkitektur handler om samfunnet bygg, vi lev i og framtidens generasjon.





ne uken tilbringer Anette og Hilde mest mulig av tiden sin på Aspøya. De opplever at kun deler av øya i dag er inkludert i sentrum, og mener mye kan gjøres for å urbanisere bydelen på en bovennlig måte.

## fatt på Aspøyas framtid

a har bilen fått være sjefen. Nå må folk prioriteres.

Bilde og overskrifta frå artikkelen publisert på papir og nett

Torsdag  
04.02.2016

Den fjerde dagen hadde vi opprinneleg berre eit møte med Jugendstilsenteret (2) og avtalt guida omvisning på containerhavna. Det som skjedde var at artikkelen vår kom ut i Sumpen (Sunnmørsposten) og plutselig fekk vi både telefonar og e-post frå diverse interesserte Ålesunderar. Vi avtalte møte etterkvart som henvendelsane kom inn.

(1) Deltakarar: Frode Pål Fladmark (leder i Storhaugen og Aspøya velforening) og Karl Hermann Valderhaug (bur på Aspøya).



Møte med representantar frå Storhaugen og Aspøya velforening

Oppsummering av møtet Begge var veldig engasjerte og utålmodige på at noko skulle skje på Aspøya, og då særskild Storhaugen. Dei fortalte om alle aktivitetane bydelen arrangerer der: sommershow, juletefestar og planar om utbedringar som vart skrinlagt for berre få år sidan. Dei reflekterer nok eit stort lokalt engasjement for dei naturlege, urbane ressursane på Aspøya, samt det litt øypatriotiske som kanskje heng igjen frå bydel-/ "gatekrig"-dagane. Dei påpeikte også noko vi beit oss merke ved "Problemet er at folk ikkje kjenner kvarandre". Dette er tross alt noko vi kan programmere inn - både uformelle og formelle offentlege møtestadar.

Dei fortalte kva dei hadde opplevd i Skutvika og kva dei erindra hadde vore der. Skutvika var mykje brukt av ungdommar, og dei dreiv mykje med båt. Dei fortalte om kor flott Storhaugen hadde vore før og kunne bli, med rosebed og beplantning, om kjelkekonkurranse ned



"dåebakken" (Statsråd Dâes gate), indianerleir, dyrking i Eikhagen (drive av Aspøy skule) og hoppkonkurransar. Av dette fekk vi eit sterkt inntrykk av samhald og nye innspel på kva tverrforbindelsar som burde prioriterast i eit hierarki.

*(2) Deltakarar: Benedikte Holen (kurator) og Ingvil Eilertsen Grimstad  
???? (formidlingsansvarlig)*

Oppsummering av møtet Dei to damene på Jugendstilsenteret hadde mykje å komme med, både som fagpersonar på Jugendstilsenteret som som "fruktbare kvinner". Vi spurte dei blant anna om kva dei synes om utviklinga på Skansekaia. Dei synes området er utvikla betre enn forventa og at arkitekten har teke hensyn til leikeplass, siktsoner og lignande. Så det er absolutt noko å lære der, sjølv om byutviklinga generelt manglar heilheitleg tenking og utbyggerar/

privat initiativ. Byen treng utvikling, men det politiske maktspelet står i vegen. Dette er mykje av det samme inntrykket vi sitt igjen med, og støtter opp om strategien vi har hatt med å først sjå tomte i eit større bilete og jobbe med strategiar for å knytte øya saman, og saman med Skutvika.

Dei trur Ålesunderar hadde sett pris på ein 10-min by. For vår del passer dette svært godt med det faktum at mesteparten av Aspøya ligg 10min gange unna Skutvika og at Skutvika ligg 10min gange unna sentrum (rådhuset).

Ei utfordring dei trekk fram er inntrykket av at når folk først flytter seg "heim" til Ålesund ønsker dei seg vekk frå "Oslo-gryta" og tilbake til deira oppvekstvilkår med enebolig med hage. Dette er ein interessant observasjon med tanke på at folk då flytter til Ålesund, ikkje for å flytte



Guida omvisning på containerhavna i Skutvika



Utsikta frå containerhavna og inn mot sentrum

til byen, men for å flytte "tilbake til landet" som i tillegg har nokre urbane kvalitetar. På den andre sida belager dette eksempelet seg på utflytta Ålesunderar som vil heim, ikkje den mest ettertrakta gruppa ein vil trekkje til seg i Ålesund - tilflyttarane, helst en høgt utdanna. Men det er likevel verdt å merke seg. Damene på Jugendstilsenteret skjønner at det må mange fleire folk til for å gjere Ålesundet om til skikkelig by og ønsker seg derfor massiv innvandring. I byutvikling ville dei satsa på natur, sjø, trygge skuleaktivitetar og fritidsaktivitetar. Dette er absolutt med på å gjere oss trygge det vi har tenkt og har lyst å jobbe med: sjøpromenade og fritidssenter.

Når det kjem til byutvikling i ein by kjend for det verneverdige jugendstilmiljøet er dei klare: "La jugendstilen ligge. Nye tider krev nye

bygg." Også implementering av enkeltelement frå jugendstilen kan vere med å svekke det sterke jugendstilmiljøet. Det ein derimot kan implementere er filosofien og tankegodset frå jugendstilen, eksempelvis fokus på nærleik til naturen.

*(3) Deltakarar: Asbjørn H. Johansen (pensjonist og sjølvverklert publisist for utredinga) og XXXXX (pensjonert sivilingeniør).*

Oppsummering av møtet Asbjørn ringte oss tidlegare på dagen og la inn ønske om å få møte oss på vegne av Universitetspensjonistene som hadde jobba med ei løysing på infrastrukturen i byen. Dei presenterte eit forslag som gjorde heile sørsida av kystlinja til Ålesund om til ein ringveg for bil, syklende og



Befaring vest for Skutvika og sør for Kjøpmannsgata



Møte med universitetspensjonistene om "BYPASS" - infrastruktur i Ålesund

gåande kalla "BYPASS". Vi vart ganske raskt klare over at desse hadde brukt heile sine yrkeskarrierer på å planlegge byer for bilen. Forslaget var velargumentert og realiserbart, det vart derfor ei god utfordring for oss å diskutere med nokon som har fakta på plass, men som i våre auge har eit feil syn på kven ein skal legge byen til rette for. Teknologien dei hadde brukt var derimot også relevant for vårt prosjekt dersom vi vil få til ein sjøpromenade, og den kunnskapen vil vi ta med oss vidare.

**Veke 6:**  
08.-12.02.2016



## Oppsummere Ålesund

08.02.2016

Denne dagen jobba vi med å oppsummere Ålesundsoppholdet:

Det kanskje viktigaste med turen var å samle vår egne tankar, gjennom å lage presentasjonen vi skulle halde på MAF-møtet. Vi fekk oppsummert tankane våre til fire strategiar: tilgang til vatnet, tilgang på tvers av øya, ein grundig gjennomgang av trafikkprioriteringane på øya, samt å gjere byen attraktiv for barnefamiliar. Då vi presenterte dette i salen på MAF-møtet skjønte vi fort at vi hadde trykka på ein riktig knapp i forhold til




områdeutviklinga.

Vi fekk også eit inntrykk av at byen hungrer etter diskusjon rundt byutvikling. Folk er positive til endring - det virker som dei er klare for å utvide byen med fleire bymiljø enn jugendstilen. Dette er ei fin støtte å ha gjennom utviklinga av vår oppgåve.

Diskusjonane vi hadde hjalp oss få eit inntrykk av øya, korleis den var før og korleis den er no. Vi fekk også bedre lokalkjennskap til øya - til gatenavn, slengnavn, bydelane, kva Skutvika hadde blitt brukt til før osv. Det var også interessant å møte både kommune, Havnevesenet som vil selge eigedommane asap, mogelege interessantar, ulike interessegrupper og folk i gata.

I tillegg fekk vi endeleg komme ned på sjølve tomte og sett den flotte utsikta ein får frå tomte inn mot byen, opp mot Storhaugen og innover i sundet.



## Skisse- og tomteworkshop 09.-12.02.2016

No var det på tide å komme seg vidare: først ved å ha ein avslappa skisseworkshop der vi tok føre oss temaet "sjøkanten". Av dette fekk vi sjå kor mange mogelegheiter det var for å jobbe ned mot sjøkanten på tomta vår, og få inspirasjon til bruk av dette til det som kom etterpå: tomteworkshop.

Tomteworkshop gjekk ut på å organisere tomte, sjå på typologiar og kommunikasjonsstrategiar (stiar, vegar, gater, kollektivknutepunkt

etc.) Det viste seg at vi framleis liker ideen om å knyte saman Nedre strandgate med Kjøpmannsgata, men trafikken er vanskeleg å organisere i tråd med intensjonane vi har om satsing på kollektivtrafikk og sykkel. Vi prøver i stor grad å bevare alle siktlinjene på tomte, men vi ender då opp med nokre vanskelege kvartalformer. Vi såg derfor også på mogelegheita til å fortsette siktlinja visuelt frå toppen av øya, med gode kommunikasjonsforbindelser gjennom bygga og fortsettelse av siktlinja derifrå. Men er dette ei god løysing?

Typologiar vi har brukt er hovudsakeleg kvartalstrukturar, lukka og åpne på ei side (hestesko), men utforsker også noko bruk av lamellar, då vi har lamellføringar frå vestsida av tomte og i desse "restareala" for å få til alle siktsonene. Det vanskelege er at planteikningane ser ut som store,













massive kvartal, mens vi tenker oss eit meir oppdelt uttrykk for å skape variasjon i fasadene - gjere det meir interessant å gå langs. For å komme oss vidare med bearbeidinga av området trengte vi å få avklart trafikken. Derfor satte vi av godt med tid til å prøve å løyse all trafikken. Få til sykkeltraséar i prioriterte gater, få plass til bybanetrasé gjennom tomta, sortere ut gater frå veger. Vi tok også ei revurdering av Brosundtunellen - trengte vi eigentleg den? Foreløbig har vi kom fram til at den trengs, men må ikkje nødvendigvis gå slik den er planlagt å gå i dag. Basert på alt dette fekk vi grunnlag til å plassere ut kollektivknytepunkt og parkeringspunkt. Det var veldig godt å få jobba grundig med dette slik vi veit at det vi snakker om kan fungere og er plass til i gateløpa, dersom vi prioriterer.

Vi brukte også litt tid på å prøve å beregne størrelsane på plassane (leikeplassar, møteplassar etc) vi hadde teikna i første omgang, og fann ut av at dei var alt for store, sjølv om det såg fint ut i plan.


Vi hadde også enda ein skisseworkshop der vi bytta tema til "terrengkanten", då vi har ei stor utfordring med eit kraftig fall i terrenget langs heile tomta, og må løyse dette for å få til ein god forbindelse til resten av øya. Dette gav oss meir inspirasjon til korleis vi kunne jobbe med terrengkanten, også i tomteplanane vi jobba med vidare.

Vi jobba vidare med organisering og typologistudier av tomta, men jobba no med å lage aksometri av planane for å betre kunne sjå kva rom vi laga.









Akebaldelen




urban skero




bratt rampe




NED FRÅ / OPP PÅ KANTEN




over




inni



Under




heis



oppgang m/stopp/  
butikker / utsiktspunkt






### Vegleing 3 10.02.2016

Møtet med Markus etter Ålesundsturen var litt stas, då vi hadde kom i avisa og greier. Vi hadde mykje å fortelje. Heldigvis stoppa Markus oss ganske raskt og kjem med følgande utsagn "Jeg skjønner at dere har opplevd mye og har mange historier, men hva fikk dere ut av det som gir føringar for tomte?" Dette hjalp oss veldig å sortere ut kva vi ville fortelje. Det vi snakka om er oppsummert i teksten "Oppsummere Ålesund", tidlegare i heftet.

Igen snakka vi om korleis markedskreftene fungerer i slike utbyggingar



og korleis ein kan legge til rette for ein blanda demografi i området. Korleis ein kan optimalisere dei eksisterande boligane på øya, få dei eldre til å flytte ut av eneboligar til nye leiligheiter, danning av borettslag, institusjonskryssingar, kommunalt eigerskap osv.

Vi diskuterte ein del rundt avstandar. Kor langt kjem ein eldre person seg, ein barnefamilie eller ein ungdom, og korleis kan dette gje føringar for utforming av bydelen? Korleis skal desse møtast? Har Ålesund eigentleg råd og marknad for ei bybane? Liantrikken i Trondheim er for eksempel ikkje hyppig brukt, sjølv om det er ein vesentleg større by enn Ålesund. Det står i bybaneutredninga at ei bybane kan dekke 80% av Ålesundsmarknaden, men kor langt er det då beregna at folk må gå til bybana? Det er stor forskjell på 500 meter i Oslo og 500m i Ålesundsterreng, samt meir skiftande vérforhold. Noko Ålesundarane vi møtte i byen var særskild opptatte av.då vi var der.

**Veke 7-8:**  
15.02.-04.03.2016



## Vekene fram mot midtsemester

15.02.-04.03.2016

Dei neste vekene vart ikkje prosessheftet prioritert og dermed går også noko av hukommelsen i ball når vi prøver å hugse tilbake på kva vi gjorde, skissa, og når vi gjorde det. Det vi derimot er ganske klare på er korleis vi organiserte vekene. Vidare i dette kapittelet tek vi heller føre oss diskusjon for diskusjon, temavis.

Veke 7: Denne veka jobba vi ganske instenst med korte arbeidsintervall og syretest. Syretest #1 med Bjørn Inge Melhus og syretest #2 med Markus Schwai (vegleiing).

Veke 8: Denne veka jobba vi med bearbeidinga av tilbakemeldinga på syretestane. Vi jobba ein del i gatesnitt, med mjuke overgangar frå det private til det offentlege og identitetane vi kan legge i gatene. Vi jobba også særskilt med byparkane: bystranda og pirparken.

Veke 9: Denne veka jobba vi med presentasjonsmateriale til midtsemester og dei medfølgande avgjerdsleane vi måtte ta kontinuerleg gjennom produksjonsprosessen då det dukka opp ting vi ikkje hadde tenkt over før når vi illustrerte. Denne veka hadde vi også eit møte med eigedomsutviklar og arkitekt Sissel Arctander som fortalte oss litt om forskninga ho hadde gjort på NTNU om byrom i private reguleringsplanar, samt kva erfaringa ho har gjort seg som eigedomsutviklar.








også naturleg og godt synleg element. Treet spelar også ei viktig rolle langs dei utvalgte tverrforbindelsane våre: ned frå Storhaugen og ned frå høgdedraget i vest. Her har vi ønska å gje ein svak alléassosiasjon og har derfor tre på ei side av gata nedover heile tverrforbindelsane, så langt det let seg gjere. For å få dette til vil vi ta vekk gateparkeringa i desse gatene. I Kjøpmannsgata har vi kun tre i møtepunkt, men vil ellers at det skal brukast vegetasjon langs nordre del av gata der det er breiare fortau og rikeleg med sitteplassar.

I tillegg jobba vi med ei ny gang/sykkel/bybane bru over til Skarbøvika, for å skape ein god forbindelse for mjuke trafikantar, då det i dag er ei veldig smal bru med dårlege muligheter for utvidelse.



NÆRINGS GATA:

arkitektkontor, }  
 bakeri, cafe }  
 skredder, }  
 spa/velvare salong...? }  
 restaurant, blomsterbutikk, (parkering) }

bodcafe!  
 gründerlokaler, co-working spaces,  
 frisør?, treningssenter, "skomaker"  
 barnehage.  
 badstu/boblebad ute...? } gruppetimer ute?  
 med utearealene?

plass til fiskebåter, liten plass til torgaktivitet


#### NÆRING, OFFENTLIG, PRIVAT

Vi har diskutert kva vi skal ha i næringsgata. I tillegg har diskusjonane gått i korleis vi kan tilrettelegge for framtidig utvikling av byen, og framtidige behov. Kan vi skape ein fleksibilitet som gjer det mulig å bruke bygningskroppane igjen og igjen til ulike formål?



Vi laga ein skisse-snittmodell gjennom alle gatene me hadde til nå og testa ut høgder på bygg mot gata og breddene av gatene. Denne laga vi i 1:200. Det var eit fint verktøy mtp. å oppleve rommene mellom bygga, og sjå inn i kvartala.


Vi diskuterte vidare prioriteringa av dei ulike gatene, og kva type næring



som skulle ligge i kva gate, samt høgder på kvartal, og breidde på dei ulike gatene. I Ålesund er det i dag stort sett gatebredder på 12m. Med unntak av Nedre strandgate som er rundt 13m. Siden vi skal utforme eit nytt område i byen ønsker vi å ta igjen denne gatebredden i dei meir private gatene, men siden vi hara muligheten til å tilføre ei breiare gate, ønsker vi å gjera dette i Kjøpmannsgata, for å få meir lys ned her, og gi god plass til aktivite næringslokaler med uteplass på gateplan.

parkeringsknutepunkt i byen  
= ta bort parkeringa  
frå gatene

= sykkelstier + kollektiv  
tilbud!




visuelt  
Bilfritt, fokus på haret.  
i alle tverrgater → sikt +  
tilgjengelighet!

#### GATEPARKERING OG TRAFIKKSYSTEMER

Vi har hatt lange diskusjoner rundt trafikk og gateparkering. Kva er den beste løysinga for å redusere trafikken? Vi vurderte lenge å skape eit kronglete system med mange einvegskjørte gater, men fann ut at dersom vi berre har trange tovegskjørte gater vil trafikken gå seint, og dette gjer ikkje til at bilane må kjøre lenger, men kanskje det går så seint at mange velger å gå istadenfor? Vi jobba også med å ta vekk gateparkeringa i enkelte gater og erstatte desse med parkeringspunkt. Parkeingspunktta diskuterte vi oss fram til skulle ligge nært eit kollektivstopp slik at du skulle gå forbi bussen før du kjem til bilen og omvendt.

- biltrafikkrevisjon? OBS! midlertidig parkering
  - ↳ du vil gå der det er folk, er det ikke gående er det køyrende




Ein anna diskusjon er om det ikkje skal vera personbiltrafikk, men kun nyttrafikk for sosial trygghet, eller om vi skal opne for trafikk etter eit visst klokkeslett for å gjera det tryggare for bebuarane å gå i gatene.






← ekstra buffer




2m  
50cm  
2m hindrer samtaler





avstand = 1m

avstand = 2m + vertikal diff






## GATESNITT- OVERGANGER

Vi jobba vidare med mjuke overgangar mellom privat-semiprivat og offentlig. I veke 8 dro vi til Oslo på ein liten studietur til den nye havnepromenade. Vi var innom bl.a Sørenga, Opraen, Sukkerbiten og Tjuvholmen for å sjå korleis dei hadde jobba med prioriterte områder på vandringa. I tillegg analyserte vi korleis gateløpa på Sørenga fungerte, og korleis dei hadde utforma overgangane mellom offentlig/privat. Vidare observerte vi korleis Tjuvholmen var utforma, og korleis gateløpa og dei offentlege stadane fungerte. Dette var veldig interessant, og vi blei meir bevisste på korleis vi skulle ha fokus på mjuke overgangar mellom privat-offentleg, og kor viktig dei semi-private sonene er for gateløpet, og for naboskapet.




I tida på skulen etter studieturen jobba me med semi-private soner med innganger foran kvartala. Vi jobba med avstander og kor nært kan vinduet vera gata, før dei velger å trekke ned persiennene på heiltid. I jobba med å bryte siktlinjjer på tvers av gatene slik at ein ikkje kan sjå 0 grader inn i leiligheta på andre sida av gata. I tillegg såg vi mykje på korleis vi kunne trekke inn den øverste etasjen for å få meir sol-lys ned i gata, og bruke den nordvendte sida av gata som eit solrom med større fortau.





## TYOLOGISTUDIER

Etter turen til Oslo jobba vi mykje med typologi, tetthet og utforming. Vi hadde bl.anna ein heftig diskusjon rundt temaet åpne eller lukka kvartal, og kva dette gjer med gateløpa. Kvaliteten til kvartalet er det store felles gårdsrommet i midten av kvartalet, men det kan vera veldig separert frå det som skjer utenfor kvartalet. Vi såg litt på utforminga av Torshov i Oslo kontra Sørenga/Tjuvholmen. Torshov har lukka kvartal og har rykte på seg å vera veldig bra for barnefamiljar, men det er ikkje like mykje aktivitet i gatene. I tillegg trengst det ein viss størrelse på kvartala (antall bebuarar) for at det er barn/voksne ute og bruker fellesarealene. Dette kjem også ann på utforminga av utearealene, sjølvsagt. Fordelen med meir opne kvartal er at uteområdene er meir tilgjengelege for alle som



1: Tomt: 1051kvm Næring: 954 kvm Bolig: 1051kvm %BRA=182%	7: Tomt: 6618kvm Næring: 5526 kvm Bolig: 6307,5kvm %BRA=180%	13: Tomt: 2281,4 Næring: 1469 Bolig: 5759 kv %BRA=214%
2: Tomt: 636 kvm Næring: 385 kvm Bolig: 675 kvm %BRA=151%	8: Tomt: 2270 kvm Næring: 4006,6 kvm Bolig: 2811 kvm %BRA=300%	14: Tomt: 2943 kv Næring: Bolig: 4520 kv %BRA=154%
3: Tomt: 728 kvm Næring: 437 kvm Bolig: 682 kvm %BRA=140%	9: Tomt: 773 kvm Næring: 2006 kvm Bolig: %BRA=260%	15A: Tomt: 1972,3 Næring: Bolig: 2940 kv %BRA=150%
4: Tomt: 726 kvm Næring: 237 kvm Bolig: 586 kvm %BRA=141%	10: Tomt: 1607 kvm Næring: 1315 kvm Bolig: 1275 kvm %BRA=161%	15B: Tomt: 3565,5 Næring: Bolig: 6547 kv %BRA=182%
5: Tomt: 488 kvm Næring: 361 kvm Bolig: 722 kvm %BRA=222%	11: Tomt: 3600,5 kvm Næring: 1225,2 kvm Bolig: 6003,6 kvm %BRA=200%	16: Tomt: 2504 kv Næring: 1176 Bolig: 2608 kv %BRA=151%
6: Tomt: 3384,5kvm Næring: 3503 kvm Bolig: 4092,6kvm %BRA=221%	12: Tomt: 4268 kvm Næring: 3080 kvm Bolig: 5546 kvm %BRA=202%	17: Tomt: 3517,5 Næring: 411 k Bolig: 3121 kv %BRA=150%



## TETTHETSSTUDIER:



Til midtsemester gjorde vi berekning av kor mange folk vi planla for, og kor mykje areal som vi hadde satt av til næringslokaler. Vi la oss på ein BRA mellom jugendstilbebyggelsen og trehusbebyggelsen. Dette var veldig bevisst siden vi ønsker å fortette og forsette bystrukturen, og skape ein bærekraftig bydel.

## FASADER OG OPPDELING AV LEILIGHETAR:

Vi jobba med korleis fasadane kunne vera med å gi karakter til gatene, og på kva måte vi kunne dele dei opp slika at det gav gode rom og spel i fasaden.

bur i området, og det er mulig å gi utearealene ulike kvalitetar og gi dei til heile nabolaget. Vi utforska også mulighetane for å heve innerommene for å skape meir semi-private soner. Vår observasjon frå Sørenga der dei hadde gjort dette, var at overgangen blei veldig brå, og dersom ein våget å gå opp høgdeforskjellen føltas det som ein gjekk inn i stuene til folka som budde på bakkeplan inne i kvartalene.


# Strandpromenaden:



## STRAND/SJØPROMENADEN, PIRPARKEN OG BYSTRANDA

Videre jobba vi med utviklinga av sjøpromenaden og korleis denne skulle utformast. Vi diskuterte kor mykje vi skulle sette av til gang og sykkel, skulle desse sepererast eller leggest saman slik at dei deler på arealet. Diskusjonen enda med at dersom vi lager egne sykkelsoner vil vi innføre sykkelen som den "nye bilen" på denne sonen, og skape ein barriære. Vi bestemte oss for at det beste var å dele på plassen, denne promenaden skulle jo vera retta mot valgfrie aktivitetar og ikkje nødvendige aktivitetar, difor vil vi at a-b-sykklistane skal sykle kjøpmannsgata med gode forbindelsar til Hessa og Moa. Vi fann ut at vi ville sette av 8 meter av piren til park-arealar og jobbe med langsgående soner. På denne måten forsterker vi identiteten til piren og legger 5 meter med brygge ned mot sjøen, og muligheten for at fiskebåtar kan legge seg inn mot denne bryggekaia. I diskuterte vi korleis vi kunne skape gode soner ned mot vatnet, med ramper/trapper/nivåforskjellar mot vatnet.





I denne illustrasjonen prøvde vi å sjå for oss korleis pirparken kunne sjå ut, samt sammenhengen til bebyggelsen i vest, med store uterom som henvender seg mot sjøen og inviterer til bruk av både bebuarar og forbigåande personar. Vi diskuterte korleis vi kunne forsterke identitetane på tomte, og utforska muligheten for å bruke konteinere og fiske/båt-utstâr som ein del av utforminga av området.

## **Veke 9:**

02.03.2016, møte med Sissel Arctander



Sissel Arctander har tatt ein doktorgrad ved NTNU om eigendomsutvikling og arkitektur, har bloggen "levebyen.com", har jobba som arkitekt i Trondheim kommune og i Aplan Viak, og jobber nå som eigendomsutvikler i Overvik Utvikling AS.

## SISSEL ARCTANDER


Vi avtalte å møte Sissel Arctander på caféen Nimuser for å høyre litt om korleis eigendomsutvikling fungerer. Vi hadde spørsmål rundt verdigrunnlag, nye buformer og korleis vi kan legge tilrette for gode boliger som vil selge i Ålesund.

Sissel fortalte ein del om kva ho jobba med og kva prinsipp dei prøvde å ha rundt eigendomsutvikling. Det var at kjøperane har ein forventning om å kunne sleppe ungene ut utan å halde auge med dei, og at dette var ei stor utfordring i byen. Dei prøvde, i henna bedrift, å jobbe med at flest mulig skal bu tettast ned mot bakken. 2-4 etg. Ho kom med tilbakemelding på vårt prosjekt rundt at vi kan deltajplanlegge for ulike typologier, og dermed skape endringsvillige kvartal. Det er viktig at


eigendomsutvikleren ser potensialet i prosjektene. Når det kom til ulike buformer tipset ho oss om å legge tilrette for nokre boliger, og deretter kunne endre eit heilt kvartal, slik at kjøperane kan sjå korleis dei fungerer før dei bestemmer seg for ein ny buform. Å blande ulike typologiar i samme område vil berike området. Eit eksempel er å blande blokk og rekkehus. Ei anna tilbakemelding var at me kunne jobbe med små kunstpausar/tuntre for å skape små møteplassar for dei lokale. Vidare bør vi sjå nærmare på etterspørselen av boliger i Ålesund.

Ei lita oppsummering av møtet:

1. Selgbart-etterspørsel
2. Minimalt investering for maks bygg/inntekter
3. Sett standarden, bygg først noko som gir stedet identitet/kvalitet







#### VISUALISERING:

Mot midtsemester jobba vi med visualisering, og fann ut at aksonometri var ein veldig fin måte å vise både bygningskropper på og uteområder. Vi jobba med utforming av dei ulike stedene med aksonometri og regulerte høgdar ect. med dette "verktøyet". Til vestre er plantegninga som vi presenterte på midtsemeseter.





#### MIDTSEMESTER PRODUKSJON:

I veke 9 jobba vi med å samle kva vi hadde og presentere dette på midtsemestergjennomgangen 09.03.2016. På vestre side er ein dummyskisse som vi plotta til midtsemester. Det var fint for oss å sjå på størrelsar, skalering og korleis vi ønsker å presentere prosjektet vårt for andre. Vi brukte veka

**Veke 10:**  
07.-11.03.2016 (midtsemester)



Sverre Flack er førsteamanuensis ved Instituttet for byforming og planlegging.



Gro Rødne er grunnlegger, partner og styremedlem i Agraff Arkitekter arbeider som førsteamanuensis ved Fakultet for arkitektur og billedkunst. Ho jobber i grensesnittet mellom arkitektur, kunst og natur.

## Midtsemester

Sensorar: Sverre Flack og Gro Rødne

Under midtsemester fikk vi tilbakemelding på at vi hadde fin systematikk med eit ordentleg resultat. Vi fikk tips om å sjå meir på orientering og solforhold. Videre fekk vi anbefaling om å sjå på Helsingborg med tanke på punkter og akser, og SLA-arkitekter. Vi bør vise bedre kva kvalitetane er på dei ulike plassane, og å kombinere identitetar. Fokus på nokre plassar og finne ut kva stedet kan bli. Flack ga tilbakemelding på om kanalen kunne bli noko meir. Vi bør også vise sluttresultatet først, også gå gjennom kva vi har gjort.

## 5. Vegleing med Markus

Etter midtsemester hadde vi ei lita vegleing med Markus der han ga tilbakemelding på midtsemestergjennomgangen.

-Vi må passe på hastigheita, og ikkje prosjektere, redegjera kvalitetane på dei ulike plassane og typologiane til ulike årstider.


-Sjå nærmare på kanalen og kva me kan bruke den til, energi(?), Ha fokus på folk, kven skal vera kor til kva tid, og korleis plassane fungerer med og uten folk.

-Programmet kan vi jobbe vidare med, og visualisere fellesbygg, vise typologi og fleksibilitet, fasedeling og tetthet, og størrelsane på leilighetane.

-Dele opp kva næring vi ønsker kor, og differensiere kva næring er. (Vi sier berre næring til alt som ikkje er bolig...)

-Studere framtidige aktivitetar, sosialt uteliv/dataverden ect., korleis vil bilen vera i framtida ect.

**Veke 11:**  
14-18.03.2016



## Oppsummering, analyse, strategi og bygrep


I veka etter midtsemester jobba vi med å strukturere resten av semesteret. Vi prøvde å sette ulike fristar for oss sjølv slik at vi skal rekke å bli ferdige til innlevringa i mai! Vi har heile semesteret jobba med eit analysehefte, men nå strukturerte vi arbeidet vårt inn i analysehefte, strategihefte og bygrepshäfte. Dette var veldig bra for oss begge, slik at vi fekk oversikt over kva vi skal jobbe med framover. Alle heftene hjelper til å strukturere og presentere kva vi vil, og vi vil bruke dei som eit arbeidsverktøy framover mot innlevering.



## TYOLOGISTUDIER

Vi jobba med å gå enda djupare inn i dei ulike typologiane på Aspøya, og korleis vi skulle forholde oss til dei eksisterande bygningsmiljøa rundt om på øya. Over er eit eksempel på kartlegging av eneboligene på Aspøya. Vi jobba vidare med kvalitetane til dei ulike typologiane og korleis dei kan og har utvikla seg over tid.





#### NÆRING OG BEHOV:

Vi har kategorisert Næringa inn i Større Næring, Tjenestetilbud og Smånæring. Her er nokre eksempler på kva vi meiner med dei ulike punkta.

##### -Større næring:

Lagerbygg, fiskerelaterte bygg, hotell, konferanse-senter, store butikker (maxbo, sportsbutikker, coop-ops, Rema 1000, klesbutikker ect.

##### -Tjenestetilbud:

Barnehager, idrett/treningscenter, kulturtilbud, kollektivstopp, busstilbud/bybane, sykkelbane, helsesenter, tannlege, lege, psykolog, bilutleige, sykkelutleige, park, møtesenter for eldre, klubbhus for ungdom, post, studiested, co-working space, ect

##### -Smånæring:

Frisør, fretex, café, restaurant, kiosk, småkontor, fisketorg, "jordbærseiger-spot", pub, kafeteria, reiselivsforretning, utleige av skøyter/fiskestang/rulleskøyter/kayak, spillesal/rom, hostel/b&b, tursitinformatjon


Til 2000 mennesker (basert på tall frå ssb.no) fann vi ut at det trengst:

- 2 nye barnehager
- ca. 104 personer kjem til å bruke omsorgs og/eller pleietjenester
- 2 nye leger
- 1,5 nye tannleger
- 1,5 nye fysioterapauter
- 40 nye kommunale boliger
- 240 nye personer i grunnskule (=1/2 skule?)
- 77 personer til vgs.


I tillegg vil dette gi eit grunnlag for bruk av dagligvarebutikkar og smånæringar. Vi ønsker at dei skal bruke tilbud i bykjemen, men ha det nødvendige nærte seg.

## VIDERUTVIKLING AV PLANEN

Med innspela vi fekk fekk i sist veke har me begynt å bearbeida planen igjen. Vi gjekk inn i dei ulike delane og skal jobb med solstudier, plan og snittstudier. Videre skal vi gå inn på tilbakemeldingane frå midtsemester, og sjå korleis vi kan videreutvikle prosjektet fram mot innevering. Vi ønsker å sjå nærmare på fleksibilitet i bebyggelsen, jobbe meir med typologiane og spør oss sjølve kva utfordringar denne byutviklinga vil føre til.




**Veke 13:**  
29-01.04.2016



Det var litt tungt å komme i gong etter ein solid påskeferie med ski og leik, men me starta opp med å få oversikt og skrive liste om kva vi skal gjer. Vi har arbeidet med analysehaftet og strategiheftet for å prøve å bli ferdig med desse fortast mulig. På samme tid har vi jobba med å videreutvikle typologiane om tverrforbindelsane. I påska var vi i Ålesund og fann ein tverrforbindelse som vi hadde gløymt litt av. Denne går midt på tomta vår, og heilt over til nordsida via ein gangsti. Vi ønsker å gi denne tverrforbindelsen lik karakter som dei andre eksisterande tverrforbindelsane på øya, dvs. siktlinje. Difor har vi jobba med denne og endra ein del på områdeplanen. Vidare jobber vi med byrommene og går vidare inn i detalj for å finne best mulig svar på typoligiane.









Vi har også jobba med solstudier og archicad. Dette har hjelpe for å sjå kor høgt vi kan bygge oss, og for å sjå gateløpa i sin heilhet. Vi har også jobba med kanalen, og kva den kan brukast til og om den skal vera noko meir enn den var itl midtsemester. Det kan bl.a etablerast eit fjord og fjære kraftverk i endane av kanalen som kan produsere strøm

til f.eks heisane i tverrforbindelsane eller enkelte boligar. Vi har også utforska muligheten for å utvide kanalen i ein del av gata for å skape eit mindre eksponert vannrom.

**Veke 14:**  
04-08.04.2016




Denne veka jobba vi vidare med typologistudier. Vi såg på bakre delen av planen og fann ein passende løysing med tanke på møte med eksisterande bygg, og overgangen frå ein skala til ei anna. Vidare jobba vi i raske skisser av typologiar på nedre delen av tomta. Her fann vi ut at vi skulle lage kvart vårt grunnlag, med tilhøyrande byggeklossar for å studere vidare korleis kanalen skal vera, og prøve å lage best mulig lysforhold inne i kvartala/nabolaga.





Vi tok ein liten tur opp til Bjørn Inge Melhus (vitenskapelig assistent). Med ein veldig ustabil skissemodell tenkte vi at det var tryggast å ta heisen..

men, nei..... Det blei litt lengre dag på oss enn vi hadde tenkt.




Her er den eine plata med bebyggelse som vi jobba med, og på neste bilde er den andre. Vi prøvde ut fleire eksemplar og kom tilslutt fram til forslaget på motsatt side. Vi kategoriserte typologiane for å kunne utforske dei meir, og lage illustrasjonar/ finne referanseprosjekt som viser kva vi ønsker i disse områdene.



Heile denne veka har vi brukt mykje tid på å diskutere for og imot ulike forslag. Og vi er begge enige om at det er fruktbart med desse diskusjonane, men veldig slitsomt. Vi kjenner diskuterer litt ekstra for å finne dei beste løysingane, og vera klar over kvifor vi velger det eine foran det andre.




IAKS BYGGEHØGDE 15m



Strukturser i oppgava → utnytte  
identitetsskapende (makrostruktur)





Skript-typen? revider?



Etter ei god jobbeøkt med typologiar i modell begynte vi å tegne opp snitt og fasade av dei nye bestemmelsane. Vidare begynte vi å tenke

på kva retninglinjer vi skal sette i dei ulike delane for å skape byromma og kvalitetane i bebyggelsen som vi ønsker






Vi såg nærmare på korleis einhetane skal delast opp og kor mange boligar vi har plass til i kvart område. Vidare har vi diskutert adkomst og tilgjengelighet med bil (sjølv om vi ikkje ønsker bilen som førande


designfaktor). Vi ønsker at utrykningsbilar skal kunne komme til dei fleste plassane, og gi mulighet for å kjøre innom for å lempe av sofaen, eller bestemor:)

**Veke 15:**  
11-15.04.2016




Denne veka begynte vi så vidt å produsere, det vil sei, gå enda i dybden av bestemmelsane vi har gjort og gjer vidare vurderingar av kva som kan fungere i dei ulike delane av tomta. Vi jobba i bygrep-kapittelet,


spesielt med typologiar og såg vidare på lys-studier av byromma for å sikre gode solforhold. Parallelt jobba vi med aksonometri for å sjå heilheta. Vi har hatt mange diskusjonar for å spikre dei ulike delane, og utvikla typologiane ytterligare.



Flersidet, topologi, nøyning / boligbruk




Her er to eksepler på diskusjonar og arbeid vi har jobba med.



Den første viser ulike møteplasser og den andre er fleksible og meir bestemte typologiar for bruk.




Vi har spesielt diskutert førsteetasjene i bygga. Om vi skal legge inn kjellar eller om det skal vera fellesrom for bebuerane, dvs. lager og vaskerom i første etasjen.



Her er eit eksempel på ein diskusjon vi har hatt vist i snitt.

**Veke 16:**  
18-22.04.2016






Denne veka har vi jobba med viderutforming av planen. Vi har jobba i både snitt, plan og modell. Denne veka fekk vi laserkutta ein ny modell for å teste ut ulike typologiar og landskap. Vi har sett spesielt på den ytterste delen, og jobba for å ha gode bygningsvolum uten spisse

kantar. Vidare har vi sett på inneromma og korleis vi kan skape gode overganger mellom offentlig/privat.



**Veke 17, 18 og 19:**  
25.04- 13.05.2016



Nå starta produksjonen for fullt. Vi har hatt dummygjennomgang med vegleiar, og diskutert mykje formidling og presentasjon.

I denne fasen dukker det alltid opp meir enn ein tenker på forhand, og vi er glade for at vi startet tidleg.

Refleksjonar:

Arbeidstid:

Dersom vi skal oppsummere semesteret er vi veldig fornøgd med strukturen vår. Vi startet rett på 04.01 og har jobba jevnt siden den gang. Vidare har vi klart å holde arbeidstida (08/09.00-16/17.00), og prøvd å jobba oss inn dersom vi har våre vekke ein dag eller to. I tillegg har vi klart å holde feriar og helger fri.

Arbeidsverty:

- Prosessheftet har fungert som eit oppsummerande og reflektivt verktøy. Vi jobba meir jamt med dette heftet i starten, enn i slutten.
- Analyse- og strategiheftene har hjelpe oss med å strukturere arbeidet og trekke ut kva som er viktig til ei kvar tid.
- Moodboard er også noko vi har brukt jamt for å fremje ei felles forståing av følele/atmosfære. Samt spesifikke referanser når vi har diskutert ting.
- Ellers har vi jobba mykje med skisser, snitt, plan og modell.

Struktur:

Vi er begge to ledartypar, og har difor hatt stort behov for struktur og oversikt. Difor har vi hatt oppsummeringsmøte kvar veke og bytta på å var ansvarleg for dei ulike vekene. Vi har lagd mange og lange lister over kva vi skal jobbe med til ei kvar tid, og klart å jobbe parallelt med tegning/design og analysearbeidet.

I forarbeidet satt vi opp ei oversikt over kva tema vi ville jobbe med til ei kvar tid. Då semesteret begynte forsto vi fort at dette måtte revurderast,

og vi har jobba parallelt med mange tema på samme tid. Vi er begge enige om at vi har hatt flaks med timinga på Ålesund-turen i februar som hjalp oss å samle trådane. Allerede då klarte vi å sjå hovudutfordringane på Aspøya, og kva strategiar vi ønska å legge for oppgåva. Vi har gått tilbake til desse undervegs, men dei har hjelpe oss til å komme vidare. Ekskursjonen til Oslo har også hjelpe med tanke på innspel og refleksjonar om byrom og utforming. Vi har også hatt god hjelp i heildagsseminarene vi har våre på. Dette har våre gode "pausar" som har hjelpet oss å sjå oppgåva på ulike måtar.

Læring:

Vi har begge våre ivrige etter å lære meir om byutvikling, og har jobba for å komt i kontakt med andre fagfolk for å få ei større forståelse for faget. Det har våre ekstra spennande å legge fram oppgåva vår for kommunen i Ålesund, Alexandria Aalgård, eigendomsutviklar i Ålesund, Sunnmørsposten, eigendomsutviklar Sissel Arctander. Vidare har vi snakka med bekjente og medstudentar om oppgåva, og diskutert dagens byutvikling i det vide og breie. Alt i alt sitter vi igjen med eit stor læringsutbytte.

Vi har også lært kvarandre å kjenne bedre. Det har gått overraskande godt å samarbeide, og vi har utfylt kvarandre med tanke på fokus og arbeidsområder.

## Vedlegg: Timeplan i Ålesund

### Ålesundsbesøk #2

Helga 29.-31.januar    Fri, men lage klar spørsmålsliste og presentasjon

Måndag 1.februar

Kl.07:44-09:40

Anette bussar frå Stranda til Ålesund

Kl.09:50-12:00

Førebuing til møte med kommuna, på café

(Restaurant Bocca)

Kl.12:30-14:00 (?)

Møte med kommuna, 6.etg på Rådhuset (6S)

Kl.14:00-

Oppsummering etter møte

Tid til overs

Bibliotekstid (undersøke Ålesundlitteratur vi ikkje

har tilgang til ellers)

17:00-18:45

Anette bussar frå Ålesund til Stranda



Tysdag 2.februar

07:44-09:40 Anette bussar frå Stranda til Ålesund  
Kl.09:40-13:00 Oppmøte på busstasjonen, vi går gjennom Aspøya: finn alle snarvegane, alle tverrforbindingsar og ta bilete. Registrer fasadekarakteristikkar, materialitet. Skisse! OBS: ta seg tid til ein liten matbit i farta for å halde ut til kl.13:30. Gjerne på vestlig del av øya.  
Kl.13:00-14:00 Gå til invit for å møte Harald Grytten, førebu og ete ein sein lunsj.  
Kl.14:00-16:?? Møte med Harald Grytten, Invit (spander på han kaffi og kake! :))  
16:00-17:00 Oppsummering etter Gryttenmøte og møte Tone (Aspøyspesialist, 5.generasjons huseigar), på biblioteket  
Anette søv på Hessa

Onsdag 3.februar

Kl.09:00-10:00 Oppmøte i Skutvika: intervjurunde/skisserunde/foto/undersøkingar  
Kl.10:00-10:45 Ta bilete ned på Skutvika frå politistasjonen  
Kl.10:45-12:15 Møte med Sunnmørsposten, utanfor politistasjonen  
Kl.12:15-12:55 Lunsj+intervju med Sunnmørsposten, Raccoon (?)

Kl.13:00-14:?? Møte med Havnefogden, Skansekaia 3C  
Kl.14:??-16:30 Førebu debattmøte i MAF-regi (Brosundet eller Invit) og/eller møte Alexandria, Magne og Aamlid på guiding i Ålesund  
Kl.16:30-17:45 Middag (på Brosundet hotell)  
Kl.17:45-18:00 Gå til møtestad, mingle og førebu seg  
Kl.18:00-20:?? MAF-møte om byutvikling i Ålesund, Brosundet hotell  
Anette søv på Hessa

Torsdag 4.februar

Kl.10:00-12:00 Ledig tid // Interjue dei på gamleheimen/barneskulen/i gatene  
Kl.12:00-12:30 Ete lunsj på ungdomstilsenterets café  
Kl.12:30-14:?? Møte m/Jugendstilsenterets representantar, 3.etg i Svaneapotek  
Kl.14:??- Oppsummere møte med Jugendstilsenteret og ete ein matbit  
15:00-16:45 Ledig tid  
17:00-18:45 Anette bussar frå Ålesund til Stranda

Fredag 5.februar

Anette har tatt fri grunna begravelse  
Hilde jobber individuelt i Ålesund med registreringar og skissing